

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 19.09.2019
Sakhandsamar: **Øystein Helleseth**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per august 2019**

Arkivsak

2018/552

Styresak 073/2019

Styremøte 26.09.2019

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per august 2019 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Aktiviteten i august var lågare enn budsjett. Dette var spesielt innanfor kirurgisk klinikk. For dei andre klinikkane var aktiviteten omlag som budsjett.

Resultatet vart eit overskot på 0,4 millionar kroner, som er 2,6 millionar lågare enn budsjett. Største avviket er knytt til inntekter frå pasientbehandling som var 3,4 millionar bak budsjett. Noko av dette skuldast budsjettering i samband med ferieavvikling, og administrerende direktør ventar ikkje at dette skal halde fram resten av året.

Meirforbruket på personalkostnader var 1,1 millionar i august. Isolert sett er dette ei betring frå tidlegare månader, men det har vore eit etterslep på refusjonar knytt til sjukepengar som reduserer meirforbruket i perioden. Samanlikna med budsjett er månadleg meirforbruk knytt til personalkostnader 2,2 millionar så langt i år, og administrerende direktør vurderer det som lite sannsynleg at vi skal klare budsjettet knytt til personalkostnader. For å nå resultatkravet på 36 millionar i 2019 er føretaket avhengig av god aktivitet framover, og at vi lukkast med tiltaksoppfølging knytt til personalkostnader.

Innanfor fag ser administrerende direktør at vi uendra må arbeide målretta for å betre dei områda der utviklinga framleis ikkje er god nok. Dette vil gjelde så lenge vi har fristbrot knytt til ventetid for poliklinisk utgreiing og behandling for einskilde fagområde. Ser vi på nasjonale kvalitetsindikatorar, ligg Helse Førde no midt på treet i høve andre helseføretak når det gjeld samla gjennomsnittleg ventetid og fristbrot. Årsaka til dette er desse spesifikke kapasitetsproblema som administrerende direktør har omtala ei tid. For fleirtalet av øvrige fagområde, når Helse Førde målsetjingane.

For mange av dei nasjonale kvalitetsindikatorane som Helsedirektoratet publiserte no i september 2019, har Helse Førde gode til svært gode resultat.

Innan HMS registrerer administrerende direktør at sjukefråværet viser positiv utvikling i juli med ein nedgang på 1,1 prosentpoeng samanlikna med førre månad. Nedgangen er i hovudsak knytt til kortidssjukefråvær. Samla fråvær i juli vart 5,9 prosent.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 60 dagar ved utgangen av august (59 i juli). Ventetida er tre dagar kortare enn i august 2018.

Ventetid - helsehjelp starta i perioden – måltal 50 dagar

Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i august, var 69 dagar (52 dagar i juli). Det er to dagar meir enn dei som vart behandla i august 2018.

Fristbrot samla (ventande/starta behandling) – måltal 0 prosent

Totalt 88 fristbrot svarande til 1 prosent av alle ventande (73 i juli).

Det var 59 nye fristbot svarande til 3,3 prosent av alle med frist i perioden (2,6 prosent i juli).

Gjennomsnitt for Helse Vest er 5,5 prosent.

Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timar)

Førebels 87 prosent for første time (83 prosent i juli). Gjennomsnitt for Helse Vest er 83 prosent.

67 prosent fikk oppfølgingstime innen 24 timar (63 prosent i juli). Gjennomsnitt for oppfølgingstime i Helse Vest er 68 prosent.

Andel ikkje møtt

Stabilt lågt med 1,8 prosent i august (1,5 prosent i juli). Gjennomsnitt for Helse Vest er 4,0 prosent.

Epikrisetider

Innan 1 dag: Somatikk 72 prosent i august, og hittil i år 75 prosent (74 prosent i 2018). Psykisk helsevern 43 prosent i august, og så langt i år 34 prosent (32 prosent i 2018)

Innan 7 dagar: Somatikk 92 prosent i august, og hittil i år 93 prosent (92 prosent i 2018). Psykisk helsevern 89 prosent i august og så langt i år 90 prosent (94 prosent i 2018).

Korridorpasientar

Stabilt lågt med 5 korridorpasientar, svarande til 0,1 prosent (0,1 prosent i juli). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,2 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

Stabilt lågt med 7 døgn i august (2 Førde, 2 Vågsøy, 1 Leikanger, 1 Gloppen og 1 Årdal), svarande til 0,2 prosent av alle liggedøgn (0,9 prosent i snitt i 2018). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,5 prosent.

Stryking av planlagde operasjonar

Det var 25 strykingar av totalt 355 planlagde operasjonar svarande til 7,4 prosent (6,6 prosent i juli). Gjennomsnitt for 2018 var 2,7 prosent.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 501	1 697	-196	1 571	-70	13 481	13 628	-147	13 446	35
DRG-poeng poliklinikk, A	395	394	1	368	27	3 418	3 235	183	3 220	198
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	96	78	18	68	28	1 304	1 526	-222	1 368	-64
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	46	40	6	45	1	381	327	54	328	53
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 038	2 209	-171	2 052	-14	18 584	18 716	-132	18 362	222
DRG-poeng behandla andre regionar	152	147	5	142	10	1 284	1 170	114	1 220	64
Sum DRG-poeng eigne pasientar	2 145	2 316	-172	2 149	-4	19 487	19 559	-72	19 254	233
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 068	1 151	-83	1 057	11	9 427	9 120	307	9 111	316
Tal sjukehusopphald	1 401	1 543	-142	1 529	-128	12 136	12 470	-334	12 369	-233
Tal polikliniske konsultasjonar	9 577	9 773	-196	8 945	632	83 577	80 457	3 120	79 855	3 722

Perioden

Aktiviteten i perioden var 3,4 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, men 4,5 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 7,7 prosent lågare enn budsjett (171 poeng) og 0,7 prosent lågare enn førre året.

Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 3 prosent betre enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 3,8 prosent over fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 0,7 prosent lågare enn budsjett (132), men 1,2 prosent høgare enn fjorårsproduksjonen.

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 441	1 435	6	1 419	22	12 575	11 730	845	11 408	1 167
Tal utskrivne pasientar	83	87	-4	84	-1	723	697	26	669	54
Poliklinisk dagbehandling	32	22	10	26	6	174	192	-18	240	-66
Polikliniske kons. m/refusjon	1 971	1 932	39	1 975	-4	16 167	16 905	-738	16 286	-119
Rus										
Tal heildøgnsopphald	680	600	80	628	52	4 644	4 908	-264	5 026	-382
Tal utskrivne pasientar	24	20	4	22	2	151	157	-6	163	-12
Polikliniske kons. m/refusjon	232	233	-1	273	-41	1 782	2 036	-254	2 137	-355
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	48	36	12	46	2	727	763	-36	732	-5
Tal utskrivne pasientar UPH	4	7	-3	7	-3	43	53	-10	49	-6
Polikliniske kons. m/refusjon	1 047	1 316	-269	1 107	-60	11 187	11 291	-104	10 577	610

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktiviteten innan PHV har i perioden vore omlag som budsjett. Beleggsprosenten på dei distriktpsykiatriske sentera (DPS) er 74 prosent i snitt. Akuttposten hadde 80 prosent belegg i perioden. Akkumulert er aktiviteten om lag som budsjettet.


Innanfor rus er aktiviteten om lag lik både budsjett og same periode i fjor, men hittil i år er aktiviteten lågare enn i fjor og planlagt. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 77 prosent i perioden.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

I perioden var aktiviteten lågare enn budsjett og same periode i fjor. Til no i år er aktiviteten noko bak budsjett, men samanlikna med fjoråret er aktiviteten noko høgare.

Beleggsprosent

Rapporteringa viser tal pasientar i seng klokka 07.00 målt mot tal fysiske senger.



Beleggsprosenten i perioden er 74 prosent i snitt på DPS, og 77 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 26 prosent i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 80 prosent.

ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	167 280	167 280	0	1 270 121	1 270 120	0
Inntekter pasientbehandling	55 673	59 043	-3 370	494 632	496 945	-2 313
Øyremerka tilskot	2 131	2 711	-580	18 070	21 690	-3 621
Andre driftsinntekter / Eigendelar	12 567	12 819	-252	108 500	105 314	3 187
Sum driftsinntekter	237 651	241 853	-4 202	1 891 323	1 894 069	-2 746
Kjøp helsetenester	-13 079	-13 110	31	-105 204	-102 949	-2 255
Varekostnad	-23 754	-24 234	480	-189 001	-195 595	6 594
Innleige personell	-4 138	-3 071	-1 066	-18 954	-14 645	-4 309
Personalkostnader	-136 834	-136 795	-38	-1 064 268	-1 051 061	-13 206
Pensjonskostnad	-20 784	-20 746	-37	-166 009	-165 971	-37
Ordinære avskrivningar	-6 228	-6 333	105	-50 122	-50 667	544
Andre driftskostnader	-32 602	-34 447	1 845	-281 937	-288 040	6 103
Sum driftskostnader	-237 418	-238 738	1 320	-1 875 495	-1 868 928	-6 567
Driftsresultat	233	3 114	-2 882	15 828	25 141	-9 313
Finansinntekter	384	117	267	3 522	933	2 589
Finanskostnader	-235	-231	-4	-1 828	-2 074	247
Finansresultat	149	-115	263	1 695	-1 141	2 836
Ordinært resultat	381	3 000	-2 619	17 523	24 000	-6 477

Perioden

Resultatet i perioden er eit overskot på 0,4 millionar kroner, som er 2,6 millionar lågare enn budsjett.

Inntektene er 4,2 millionar lågare enn budsjett. Aktiviteten var lågare enn budsjett i perioden, noko som har medført at inntekter knytt til pasientbehandling er 3,4 millionar under budsjett.

Sum driftskostnader i perioden var 1,3 millionar lågare enn budsjett. Andre driftskostnader og varekostnad var lågare enn budsjett, medan det var eit meirforbruk på 1,1 millionar knytt til personalkostnader. Dette er lågare enn tidlegare månader og heng mellom annan saman med etterslep knytt til refusjon sjukepengar. For feriemånadene juni, juli og august samla så er det eit meirforbruk på 6 millionar knytt til personalkostnader.

Når det gjeld varekostnadene var kostnader knytt til H-resept 1,3 millionar lågare enn budsjett, og samla var resultateffekten knytt til H-resept 1,7 millionar. Andre driftskostnader var det eit mindreforbruk på 1 million knytt til IKT-kostnader og 0,7 millionar knytt til pasienttransport.

Akkumulert

Akkumulert resultat er 17,5 millionar, som er 6,5 millionar dårlegare enn budsjett. Inntekter er 2,7 millionar lågare enn budsjett. Driftskostnader er 6,6 millionar høgare enn budsjett. Finansresultat bidreg positivt med 2,8 millionar samanlikna med budsjett.

Varekostnaden er 6,6 millionar lågare enn budsjett. Av dette utgjør H-resept 12 millionar. I forhold til resultat, og då avvik mot budsjett, bidreg H-resept positivt med 7,3 millionar. Personalkostnad og innleige har eit meirforbruk samanlikna med budsjett på 17,5 millionar.


I andre driftskostnader er det eit mindreforbruk på 6,1 millionar. Pasienttransport har eit positivt avvik mot budsjett på 8,5 millionar. Resultateffekten for pasientreiser er positiv med 8,1 millionar på grunn av litt lågare inntekt enn budsjettet.

Likviditet

Per utgangen av august 2019 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 295,3 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 185,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i juli 5,9 prosent. Det er 0,5 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, og 1,1 prosentpoeng lågare enn førre månad.

Månadsverk



Brutto månadsverk i august var 2332. Dette var 34 fleire enn same periode i 2018.


Netto månadsverk i august var 2068. Dette var 52 fleire enn same periode i 2018.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.


Synergi

Melde saker i perioden januar til juli 2019 samanlikna med same tidsrom i 2018, fordelt på sakstypar:



Totalt melde saker er 1567 mot 1558 førre år.

Tal saker med og utan konsekvens for gruppene pasientsaker, HMS-, drift- og IKT-saker:



Siste søyla viser kor mange saker som ventar på at leiar skal klassifisere sakene som med eller utan konsekvens. Samla var det per juli i 2019 meldt 7 prosent fleire saker enn same periode i 2018. Delen melde saker med konsekvens er 16,5 prosent. Dette er ein nedgang frå 2018 då andelen var 19,3 prosent. 73 saker er ikkje ferdig kategoriserte.

Pasientrelaterte saker melde fordelt på type hending:


Tal hendingar	Januar – juli 2018		Januar – juli 2019	
	Utan konsekvens	Med konsekvens	Utan konsekvens	Med konsekvens
Pasientadministrasjon	57	5	43	3
Diagnostikk/utredning	22	11	20	4
Behandling og pleie	54	16	50	7
Fall og uhell	35	18	55	19
Dokumentasjon/infor.	40	5	23	0
Infeksjon	0	0	0	2
Legemidlar og blod	66	8	55	9
Medisinsk utstyr	5	1	2	2
Pasientadferd	25	8	15	5

Oversikta viser pasienthendingar melde i Synergi. Tabellen inkluderer ikkje hendingar som ikkje er kategoriserte.

Hendingar med konsekvens betyr at pasienten er skadelidande på ein eller annan måte. Hendingar utan konsekvens var hendingar som ikkje hadde konsekvens for pasienten, men avviket har potensiale for å påføre konsekvensar. Inndelinga i emne skjer etter ei nasjonal klassifisering.

Trygg kirurgi


Sjekklista for trygg kirurgi er implementert og i bruk i Helse Førde. Utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100 prosent.




Trygg pleie

Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført screening av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei seks siste månadene. Til høgre i figurane er avdelingane sortert i rekkefølge etter oppnådd prosent.


Målet er at 90 prosent av pasientane skal screenast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring. Det er sett i gang tiltak for å forbetre dette. Det har vore ei generell positiv utvikling i starten av året, men i feriemånadene juni, juli og august har utviklinga vore negativ.



Snittet for Helse Førde er 52,8 prosent mot 61,6 prosent i juli.




Snittet for Helse Førde er 48,6 prosent mot 55,1 prosent i juli.




Snittet for Helse Førde er 41,5 prosent mot 45,1 prosent i juli.

Oppfølging sepsis i akuttmottak



Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på ti minutt etter at dei har kome i akuttmottak.



Pasientar som fyller to eller fleire kriterium i QSOFA (quick Sepsis related organ failure Assesment), og som får antibiotikabehandling innan ein time. Vi er innanfor tidsgrensa i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.